



Jostein Almås(t.v.) frå Stord og Odd Skjoldal frå Samnanger stortrivest som frivillege på Festidalen.

**Mange av dei frivillege under Festidalen er av den trufaste sorten. Dei er med år etter år. Mange kjem frå Uskedalen, mange kjem frå resten av Kvinnherad, og nokre er tilreisande. Bakgrunnen for at dei er så trufaste er at det er både kjempekjett og sosialt å vera delaktig i den velorganiserte Festidalen.**

To av desse frivillege er faste feriegjester på Øyro Camping, Odd Skjoldal frå Samnanger og Jostein Almås frå Stord. Odd har vore frivillig i 7 år, først som vakt i nokre år og dei siste åra i riggegruppa, med teltrigging som hovudområde. I same gruppa har også Jostein vore engasjert dei 2-3 siste åra.

Då eg lurte på korleis dei kom inn i Festidalenarbeidet, fortalde Odd at han melde seg til teneste då han såg dei søkte etter folk.

- Eg kom med for 2-3 år sidan då vinden heldt på å blåsa ned telta. Då trong dei ekstra folk, og eg vart henta av Odd. Dermed var det gjort. Eg syns det er knallskøy å vera med på dette, kunne Almås fortelja om korleis han vart trekt med i dette frivilligarbeidet. Kona hans har også vore med som frivillig, men har no eit friår.

Denne veka har dei vore på rigging på Dønhaug mandag, tirsdag og onsdag og så er dei klar til å ta fatt på nedrigging på søndag.

Festidalenarbeidet er no blitt så fast for dei to Øyro-kameratane at dei snakkast på telefon i forkant og diskuterer kva utstyr og verkøy dei skal ta med seg heimanfrå.

- Du får ta ein titt inni bilen min. Det er litt av eit syn, sa Skjoldal for å beskriva dette.

Det er den sosiale opplevinga, og det å verta kjend med nye personar som gjer dette så kjekt. Dette er dei to svært så einige om.

- Seinast i dag vart eg sitjande å preika med ein som eg vart kjent med på Dønhaugjordet i går, då eg var innom butikken, supplerte Jostein.

Engasjementet er stort, og dei er imponert over organiseringa. At dei gjer ein god jobb kom tydeleg fram då eg var på Dønhaug og spurde etter dei to.

-Ja, det er stødige og flinke folk. Dei veit akkurat kva som skal gjerast, var attesten frå områdeansvarleg Steinar Haugland.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland